

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Vestland fylkeskommune
Kopi:

Saksbehandlar/telefon:
Torill Klinker / 90899261
Vår dato: 12.08.2025

Sak 52/25

Behov for midlar til straksinnløyising sykkelstamveg på strekninga Eidsvåg – Åsane terminal

Bakgrunn

Bystyret i Bergen og Vestland fylkeskommune vedtok 2. oktober 2024 kompromissløyising knytt til vidareføring av Bybanen til Åsane. I vedtaket frå fylkestinget står det under rammer for vidare arbeid med Bybanen under punkt 4 *"Etter vedtak om trasé i Vestland fylkesting og Bergen bystyre, kan arbeid med planlegging, prosjektering og grunnnerverv vidareførast med bruk av bompengar basert på Prop 11 S (2017-2018). Fylkesdirektør må kome attende med sak om finansiering og vidare bruk av bompengar"*, ref saksnummer 2022/51657-8.

Bergen kommune skal med basis i kompromissløyisinga snarast mogleg starte reguleringsarbeidet for å sikre godkjenning av reguleringsplanen i fyrstninga av 2027. Dei andre reguleringsplanane som er vedtekne for bygging av bybane til Åsane blir uendra, noko som gjer det mogleg å starte prosjektering og grunnnerverv på dei delane av strekninga.

Straksinnløyising sykkelveg

Reguleringsplanane for BT5 og sykkelstamveg nordover som vart vedteke i 2023 er framleis gyldige, noko som gjev ein del grunneigarar rett til straksinnløyising ettersom bustaden er kryssa ut og føresett fjerna i gjeldande plan. For dei bygg som skal rivast grunna sjølvne banetraseen har ein tilgjengeleg bompengartil grunnnerverv (vedtak i styringsgruppa for Bypakke Bergen 12.03.2025), men nokre bustader er kryssa ut og føresett fjerna utelukkande som ein konsekvens av regulert gang- og sykkelveg på strekninga mellom Eidsvåg og Åsane terminal. Desse kostnadane var tenkt finansiert gjennom reforhandling / post 30-midlar, men staten avventar som kjent vidare finansiering til endeleg traseval er fastsett av Bergen kommune.

For 2024 vart det gjennom sak til styringsgruppa: *Bruk av statlege midlar frå bompengeforliket for 2024 - tilskot til betre kollektiv* vedteke å nytta 10 mill. til straksinnløyising i samband med sykkelvegen nordover. Statens Vegvesen presiserte under handsaminga at dette ikkje var formelt rett bruk av midlane, og at dei ikkje ville akseptera dette vidare.

For 2025 og framover har vi dermed ikkje tilgjengelege midlar til straksinnløyising i samband med sykkelstamvegen. Bybanen Utbygging har pågåande prosessar med tre einingar i Ervikveien med

ein totalsum på ca 10 mill. Dermed vil heile den vedtekne løyvinga vedtatt bli nytta til desse tre straksinnløyvingane.

Utover dette er Bybanen Utbygging i dialog med andre grunneigarar som alle har kryss over eigedomane sine i vedteken reguleringsplan, knytt til bygging av sykkelstamveg. Totalt er det estimert ei ramme til straksinnløyving for desse tre eigedommane til om lag 21 mill. Alle grunneigarane har vore i kontakt med Bybanen Utbygging ettersom prosjektet sin manglande framdriftsplan er krevjande for dei å handtera. Grunneigarane oppfyller kravet om straksinnløyving, men pr. no har ikkje Bybanen Utbygging løyving som understøttar vidare prosess om straksinnløyving av desse eigedommane.

Fylkeskommunen har tidlegare løfta denne utfordringa i styringsgruppa (sak 43/2024), utan at gruppa kom med klåre tilrådingar på korleis den kan løysast.

Behov for midlar til straksinnløyving sykkelstamveg for perioden 2026 - 2027

Bybanen Utbygging har meldt inn eit behov for midlar til straksinnløyving knytt til sykkelstamvegen på 21 mill. for perioden 2026 – 2027. (Vi legg i utgangspunktet til grunn at statlege midlar er tilgjengelege frå og med 2028.)

Tal i millionar:

Straksinnløyving	2026	2027
Gjennomføring av straksinnløyving av eigedommar som er kryssa ut i reguleringsplan for sykkelstamveg Eidsvåg – Åsane terminal.	12	9

Fylkeskommunen ser ikkje andre måtar å finansiera dette på enn å omprioritera fylkeskommunale midlar som allereie er lagt inn i handlingsprogrammet for 2026-2029. For å gjera prosessen føreseieleg for dei ulike partane ynskjer fylkeskommunen å gjennomføra heile omprioriteringa (altså 21 mill.) i 2026.

Midlar til tiltak som er igongsett eller har andre kontraktsmessige bindingar er ikkje vurdert omprioritert. Fylkeskommunen vurderer at å omprioritere midlar frå tiltaket *Klostergaten – gateopprusting* er det som i minst grad gjev ulemper for den samla portefølja. Tiltaket har vore under prosjektering i 2024/2025, men vil truleg ikkje kunne koma i gong før seint i 2026. Tiltaket får dermed utsett framdrift.